

Pålegg- GBNR2 2/190 - Kravo m vassprøvar- felt B5 Mjåtveitmarka

Administrativt vedtak. Saknr:5 4/2019

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B 16 AS Heimelshavar: Rygir T omteutvikling A S Heimel:

Forureiningslova § 7 fjerde ledd

VURDERING:

Heimel: Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «[i]ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.»

Føresegnain neber ei generell pålegg til å unngå forureining. A vrenninga v massarf rå B5 til Mjåtveitelva er ikkje lovleg etter forureiningslova § 8 eller 9. Det er heller ikkje gitt løyvet til forureining etter § 11.

I «kan medføre fare» ligg det implisitt eit føre-var prinsipp. Rettleiarer til forureiningslova § 7 første ledd legg til grunn at det må liggje føre ein viss omlegheit for at forureining kan inntreffe, og at forureiningag år ut over det som er tillatt etter lov, forskrift eller utsleppsløyve. I kvar handlingv ert likevel ikkje omfatta av § 7 første ledd. Det må vere ei viss sakssamheng. I Administrasjonen fi nn det ikkje tvilsamt at avrenningf rå pågåandea rbeid på felt B5 i Mjåtveitmarka «kan medføre fare» for forureining viss angdammen mellom B5 og fylkesvegen ikkje fungerer tilstrekkeleg.

1 Lovutredningas . 116

Side 2

18/1742 - 35

Når det er fare for forureining skal den ansvarlege sørge for at det vert gjort tiltak for å hindre forureining. Den ansvarlege vil i dette tilfellet vere tiltakshavar.

For å unngå forureining kan forureiningsmynde pålegge den ansvarlege å treffe tiltak innan ein nærare angjeve frist, jf. forureiningslova § 7 fjerde ledd. I utgangspunktet gjeld forvaltningslova (fvl) sine føresegner, men førehandsvarsling kan utelatast i tilfeller som dette, jf. fvl § 16 tredje ledd bokstav a).

Kommunen er i dette tilfellet forureiningsmynde, jf. forureininglova § 81 første ledd bokstav c).

På bakgrunn av det ovanne mnde pålegg Meland kommune tiltakshavar, Mjåtveitmarka B16 AS, å ta vassprøvar ved utløpet av fangdammen mellom B5 og fylkevegen kvar 7. dag og fram til det ikkje er fare for forureining av Mjåtveitelva. Godkjent føretak må analysere prøvane, og resultatet må vise at vasskvaliteten er tilfredsstillande. Resultatet skal sendast til Meland kommune.

Første vassprøve må takast snarast, men seinast innan onsdag 13. mars 2019.

Viss resultatet frå vassprøvane viser at det pågåande arbeidet på B5 i Mjåtveitmarka har forureina Mjåtveitelva, er tiltakshavar ansvarleg for å stanse, fjerne eller begrense verknaden av forureininga, jf. forureiningslova § 7 andre ledd. I så tilfelle vil bygningsmynde også vurdere å gje pålegg om øyeblikkeleg stans av all byggeaktivitet på B5 etter plan- og bygningslova § 32-4 til det er gjort tiltak for å hindre forureining.

Viss kommunen ikkje har motteke dokumentasjon som viser at det er teke vassprøve, seinast innan 13. mars 2019, vil vi vurdere å gje pålegg om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73 første ledd. Alternativt vil vi sørgje for at det vert teke vassprøvar, jf. § 74. I så tilfelle vil vi krevje økonomisk dekning for utgiftene, jf. § 76 første ledd.

VEDTAK:

«Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd, jf. andre ledd, vert det gjeve pålegg om å ta vassprøvar ved utløpet av fangdammen mellom B5 og fylkesvegen kvar 7. dag og fram til det ikkje er fare for forureining av Mjåtveitelva. For grunngjeving og vurdering, sjå ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Med helsing

Side 3

18/1742 - 35

Anny Bastesen Marianne Aadland Sandvik sektorsjef teknisk Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til: Magne Hope AS Entreprenørforretning
Litlåsvegen 197 5954 MONGSTAD